

# TYSVÆR KOMMUNE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA, SFO.

Revidert og vedtatt i Tysvær kommunestyre 12.04.2016 [Med nye prisendringar f.o.m. 01.08.2017](#)

## 1. Eigarforhold

Tysvær kommune eig og driv skulefritidsordninga ved dei kommunale grunnskulane i Tysvær i tråd med krava i Opplæringslova §13-7 med eventuelle forskrifter og følgjer retningslinjene som er vedtekne av kommunestyret.

Samarbeidsutvalet, SU, ved kvar skule er den lokale styringsgruppa for skulefritidsordninga. Når SFO-saker vert handsama, blir SU supplert med dagleg leiar i SFO

## 2. Opptaksmyndigheit og opptakskriterium

Kommunen har tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. - 4. årstrinn og for barn med særskilte behov for 5.-7. trinn. Alle barn som er påmelde innan fristen, får tilbod om plass. Ved seinare påmelding, får ein tilbod dersom det er kapasitet.

## 3. Opptak og oppseiing

Den ordinære skulefritidsordninga startar 1. skuledag etter sommarferien. Ferie-SFO startar den første veka i august.

Påmeldingsfrist er 15. april.

Barnet beheld plassen til det er ferdig med 4. eller 7. trinn eller til plassen blir sagt opp skriftleg og oppseiingstida er gått ut. Påmelding til skulefritidsordninga er bindande.

Oppseiingstida er 2 månader rekna frå den 1. i påfølgande månad. Oppseiinga må vere registrert innan 31. mai dersom barnet ikkje skal bruke SFO-plassen komande skuleår.

Kommunen har 5 ulike SFO-tilbod. Dersom foreldre ønskjer å endre tilbodet for sitt barn, gjeld følgjande reglar:

Ved reduksjon av SFO-plass, gjeld regelen over om oppseiing for den delen av plassen ein reduserer.

Ved auke av SFO-plass, gjeld det som påmelding til utvida plass og påmeldingsregelen gjeld. Ved ledig kapasitet i SFO, kan skulen avtale å auke plassen med verknad frå dags dato.

Er det ledig kapasitet, kan ein for kortare tidsrom kjøpa dagtilbod etter eigne satsar. Det er opp til den einskilde SFO å avgjere dette.

Det er viktig å merke seg at det må vere minst 8 påmelde barn for å oppretthalde eit tilbod.

## 4. Betalingssatsar

Tysvær kommune har vedtatt at SFO skal drivast til sjølvkost. Tysvær kommunestyre fastset til ei kvar tid betaling for skulefritidsordninga. Dette blir gjort i den årlege budsjetthandsaminga eller som eiga sak i kommunestyret. Prisane blir fastsett for komande SFO-år.

Ein får 25 % syskenmoderasjon frå og med barn nummer to. Barna må vere registrert med same adresse i folkeregisteret.

Opphald for barn med spesielle behov skal dekkjast med ordinære satsar.

Ved ikkje innfridd betaling for opphald inntil 2 månader, kan den som har mynde til å gjera opptak, avgjere at barnet mister plassen sin i SFO.

Føresette kan få økonomisk stønad til SFO-plass etter økonomiske kriterier. Søknaden sender ein til NAV/sosialtenesta for avgjerd.

Dersom SFO gir tilbod om mat, turar, kino, teaterbesøk og liknande, kan ein krevje ekstra betaling. Rekneskap for slike tilbod skal reviderast og leggjast fram i SU til godkjenning.

For det ordinære SFO-tilbodet betaler ein for 10 månader gjeldande frå skulestart til skuleslutt.

Prisane, sjå pkt 7 Opningstider/modular, gjeld frå 1. august 2017.

## 6. Leike- og opphaldsareal:

SFO nyttar den enkelte skule sine klasserom, opphaldsrom og ute/nærområde. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet og vere godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

## 7. Opningstider/modular

Tysvær kommune gir tilbod om 5 ulike SFO-tilbod. Førsetnaden for å gi eit tilbod, er minst 8 påmelde barn. Påmelding til SFO er digitalisert. Sjå skulane si nettside for vidare informasjon.

<b>Tilbod</b>	<b>Tidsramme</b>	<b>Pris f.o.m. 01.08.2017</b>
SFO 1	07:00-skulestart	832
SFO 2	Skuleslutt - 15:30	1862
SFO 3	Skuleslutt - 16:30	2070
SFO 4	SFO 1 + SFO 2	2694
SFO 5	SFO 1 + SFO 3	2902

## 8. Ferietilbod

Ferie-SFO er tilbod utanom skuleåret. Det er viktig å merke seg at dette gjeld juni og august, i tillegg til ferieveker i skuleåret. Ein kjøper heile ferieveker etter behov og melder dette inn ved vanleg påmelding. Påskeveka er halv veke. Ferie-SFO er lagt til ein skule.

<b>Tilbod</b>	<b>Tidsramme</b>	<b>Pris f.o.m. 01.08.2017</b>
Påskeferien	2 ½ dag	390
Ferieveker	5 dagar	780

## 9. Skulefritidsordninga er stengt

- Fem planleggingsdagar.
- I skulen sin juleferie.
- Fire heile veker i juli. Dette blir justert årleg.
- Alle ordinære fridagar/høgtidsdagar.

## 10. Leing og bemanning

Rektor har overordna ansvar for skulen si skulefritidsordning. I tillegg skal SFO ha dagleg leiar med relevant pedagogisk- og fagleg utdanning. Dagleg leiar skal saman med personalet drive SFO i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova.

Administrasjonstida vert utrekna etter talet på barn i SFO. Når talet på barn overstig 20, skal dagleg leiar gå inn som ein prosentvis del av dagleg bemanning. Sjå tabell.

Talet på barn	Stillingsstorleik	Administrasjon og leing	Tid på SFO-avdeling/skule
8-19	20%	20%	
20-39	40%	30%	10%
40-59	60%	40%	20%
60-99	100%	50%	50%
100+	100%	75%	25%

Talet på barn	Stillingsstorleik		
8-15	100 %		
16-29	150 %		
30-44	200 %		
45 - 59	300 %		
60-74	400 %		

SFO skal ha ei forsvarleg bemanning, der barna skal bli ivaretatt med omsyn til omsorg, trivsel og tryggleik. Rettleiande gruppestorleik er 15 barn pr. vaksen. Bemanninga blir avgjort av rektor etter prinsippet om forsvarleg drift. I periodar med få brukarar kan skulen organisere SFO med ein vaksen. Føresetnaden om forsvarleg drift gjeld også her.

Rektor avgjer i samråd med skulesjef og rådgjevar ekstra hjelp og støtte til born med særlege behov.

Det skal ikkje gjerast enkeltvedtak.

## 11. Innhald og ordensreglar

SFO-leiar er ansvarleg for å utarbeide ein årsplan for innhaldet i tilbodet. Årsplanen skal vere i tråd med Udir sine nettressursar om kvalitet i SFO-tilbodet. Planen skal godkjennast i SU.

Reglane om elevane sitt skulemiljø og reglane for elevane sin tryggleik gjeld også for SFO. Skulen sitt ordensreglement gjeld ikkje for SFO, og SFO bør difor ha egne ordensreglar. Utgangspunktet skal vere dei felles ordensreglane for skulane i Tysvær. Regelen om bortvising som sanksjon kan ikkje nyttast i SFO som er elevane si fritid. Det kan og vere aktuelt og legge til egne reglar. Ordensreglane for SFO skal godkjennast i SU.